

Framlegg til forskrift om vern av Strandaliane naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

Heimel: Fastsett ved kgl.res.med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1.(føremål)

Føremålet med naturreservatet er å bevare eit stort samanhengande skogsområde med bratte skoglier frå lågland (67 m o.h.) til fjells som er lite prega av nyare inngrep. Fattig boreal og boreonemoral furuskog og lauvskog dominerer. Eldre boreonemoral edellauvskog/haustingsskog av alm, ask og andre edellauvtre dominerer nokre stader på skredjord i lågareliggande delar. På stammene finst fleire sjeldsynte og nasjonalt trua lavartar.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand og eventuelt vidareutvikle dei. Om mogleg er det også eit mål å ta vare på kulturpreget i haustingsskogen.

§ 2.(geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. i Suldal kommune: 41/1, 41/2, 41/3, 42/1, 42/2, 42/3, 42/4, 42/5, 43/1, 43/2, 43/4, 46/1, 46/2, 47/1, 47/2, 54/1, 54/2, 54/3, 54/4, 55/6, 56/2, 56/3, i Suldal kommune.

Reservatet dekkjer eit totalareal på 11,3 km². Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet november 2016. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Suldal kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland fylke, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetjing av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker el, opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkabler, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelgging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er

forbode. Oppistinga av tiltak er ikkje uttømande.

- d) Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.
- e) Brenning av bål er forbode utan om designerte områder med skilt som er tilrettelagt for dette.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp, samt ramsløk.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Beiting.
- e) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- f) Drift og vedlikehald, samt naudsyn istandsetjing ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- g) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding er forbode.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsle for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer.
- b) Naudsynt motorferdsle i samanheng med akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
- c) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- d) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d
- b) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- d) Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar.
- e) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- f) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.
- g) Naudsynt motorferdsel i samanheng med drift, vedlikehald, oppgradering og fornying av kraftleidningar.
- h) Oppføring av gjerde i samband med beiting.
- i) Utsetjing av saltsteinar.
- j) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 e og § 7 b, c, e, h, i og k.
- k) Naudsynt rydding av tre og buskar i regulerte bekker nedstraums bekkeinntaka for å trygga flaumavrenning
- l) Enkel tilrettelegging og avgrensa aktivitet knytt til kulturturisme i Rollevsjuvet
- m) Ilandstigning med båt på spesifiserte stader

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av kjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltningsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.